



Justis- og beredskapsdepartement

Rednings- og beredskapsavdelinga
Pb 8005 Dep
0030 Oslo

postmottak@jd.dep.no

Høyringsuttale til “Brannstudien”

Vi syner til høyringsbrev datert 13.12.13 og rapporten til arbeidsgruppa som har vurdert brann- og redningsvesenet si organisering og ressursbruk.

Bakgrunn:

Kommunane Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle har felles brannvesen; Setesdal Brannvesen IKS(SBV). Det dekker i dag ca. 8400 innbyggjarar og eit areal på ca. 5.000 km² - i eit 22 mil langt dalføre. Det er 6 heiltidstilsette (brannsjef, leiar førebyggjande, branninspektør, 2 feier-svennar, 1 feiarlærling) og 80 deltidstilsette brannmannskap (utan vaktordning). Desse er fordelt på 5 brannstasjonar og 3 bistasjonar. SBV har overordna vaktleining. Setesdal brannvesen er etter vårt syn kostnadseffektivt organisert og drive – vi ser avgrensa potensial for effektivisering i distrikt som vårt med ny struktur/organisering.

Hovudsynspunkt til studien:

Nye nasjonale føringar for brann, redning, politi mv. vil få konsekvensar for den samla beredskapen og organiseringa i vårt distrikt framover.

Kriteria knytt til operative tenester og innhald - framfor storleik på einingar

Brannstudien er etter vår oppfatning eit godt utgangspunkt for utforminga av framtidens brann- og redningsvesen. Vår oppfatning er likevel at det er for mye fokus på store einingar. Som prinsipp kan det være rett, men utfordringane ligg i å organisere einingane under på ein slik måte at nærleik, eigarskap og mannskap blir ivareteke på en god måte slik at det blir fullverdige og gode tenester og i distrikta.

Modell og struktur:

Vi er opptekne av at dei operative omsyna må vere førande for organisering/struktur. Vi er nøgde med at ein legg til grunn at brannstasjonsstrukturen og responstida skal oppretthaldast. For oss er det viktigaste å ha eit operativt, driftseffektivt og synleg brannvesen i regionen. Stasjonsområde /avdelingsstruktur er for oss viktigare enn storleiken på den regionale overbygningen. Under føresetnad av at ein vidarefører lokale operative driftseiningar i kvar region stør ein ut frå ei samla vurdering modell 1.

Deltids brannmannskap – berebjelken i brann og redning i distrikta.

71 % av den totale mannskapstyrken i landet er deltidstilsette brann- og redningsmannskap. SBV har 8 brannstasjonar over eit geografisk stort område (22mil langt). Deltids mannskap utan vaktordning byggjer på mykje idealisme. Samarbeid mellom leining og tilsette er viktig for engasjement. Desse er berebjelken i brann- og redningsvesenet i distrikta og dei vil kunne forvitte utan slikt fokus. Med større einingar kan kommunikasjonen mellom leinga og mannskap bli svekka – og over tid få følgjer for engasjementet til den einskilde. - Framtidig tekniske løysningar kan heller ikkje erstatte den lokalkunnskapen som deltid brannmannskapa i distriktet har.

Kostnadselement

Ein er uroleg for om for store organisasjonar kan gi negativ økonomisk effekt - gjennom at brannvesenet blir meir tungdrive og at andre/nye kostnadselement som kan vere kostnadsdrivande i motsetnad til Brannstudien sin konklusjon. Ei omorganisering må ikkje føre til at lokale kosteffektive løysningar ikkje lengre kan oppretthaldast.

Samarbeid/involvering – kommunal/lokal– risiko- sårbarheit og beredskap

For å sikre at brannvesenet er dimensjonert i hht. Kommunane sine risiko- og sårbarheitsanalyser, må det være et krav at brannvesenet er involvert i kommunane sin beredskapsorganisasjon. Samarbeid med kommunane, og andre operative tenester innafor t.d. helse og politi står og sentralt i høve god koordinering ved akutte hendingar. "Administrativ avstand" aukar faren for kommunikasjonsutfordringar slik vi ser det.

Dimensjonering av brann- og redningsvesenet

Dimensjoneringsføresegna bør vidareutviklast slik at den sikrar tilfredsstillande beredskap i kommunane. ROS-analyser vil avdekke behov for eventuell utvida beredskap.

Avsluttande innspel

Rådmannsgruppa saknar utgreiing av ein "modell 4" – med organisering ut frå kriteria som geografi, responstid, tryggleik/nærleik til innbyggjarane mv.

Setesdal, 10.februar 2014

Bykle kommune



Tallak Hoslemo
Rådmann

Valle kommune



Eivind S. Berg
Rådmann

Bygland kommune

Aasmund Lauvdal
Rådmann

sign.

Evje og Hornnes kommune



Jens Arild Johannessen
Rådmann

Iveland kommune



Sten-Albert Reisænen
Rådmann

Kopi: Setesdal brannvesen IKS, Evje
Fylkesmannen i Aust-Agder, beredskapsavd.
Agder politidistrikt, Setesdal driftseining
